

# Referat

## STYREMØTE NR. 2 i ØIL – 11.04.2011

<b>Møte</b>		<b>Referat</b>	
<b>Dato</b>	11.04.2011 kl. 1800	<b>Deltakarar</b>	Per Dysterud/ nestleiar Trude Torvund / kasserar Rune Vik/ skrivar Sonja Fagerheim/ styrelem Øystein Roe Sundøy/ styrelem Jan Tore Alvsaker/ styrelem Åshild Bekkesletten/ turngruppa Roger Vassnes/ fotball
<b>Stad</b>	Holmatun	<b>Forfall</b>	Hilde Hysing-Dahl / leiar Leiv Sandven/ trimgruppa Lillian Kvamsøy/ HC-gruppa
<b>Referent</b>	Rune Vik	<b>Kopi</b>	Olav Kreken/ orientering
<b>Neste møte</b>	<b>Man. 02.05.11 kl.1800</b>		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
<b>2.1</b>	<b>Saker</b>		
.1	<p><b>Utvidinga av fotballbanen i Øystese</b></p> <p>Styremøtet gjeld ei sak – utviding av fotballbanen i lengderetning for å kunne avvikle kampar i 3. divisjon.</p> <p>ØIL-fotball v/ Roger Vassnes orienterte om utviding av fotballbanen, om tilsagn om ekstern finansiering av naudsynt utviding og ynskje om gjennomføring i sommarferien. Kostnadane er vurdert til om lag 1,6 mill.</p> <p>Per Dysterud og Roger Vassnes har vore i møte med Kvam herad representert ved teknisk sjef Per Øyvin Tveiten og plansjef Bjørn Vik. Møtet resulterte i brev datert 06.04.2011 frå Kvam herad der det vert stilt visse vilkår knytt til yngst utviding (sitat):</p> <p><i>Som ØIL er vel kjend med ligg ikkje slik utviding inne i kommunal tiltaksplan, og det er heller ikkje sett av ressursar til eit slikt prosjekt. Prosjektet vil formelt vera kommunalt, - men heradet krev at ØIL syt for prosjektering og byggesaksgodkjenning gjennom godkjent foretak. Sjølv om prosjektet er eksternt finansiert grip det inn i kommunal grunn og er utviding av kommunalt anlegg, og skal difor handsamast politisk. Mogeleg framlegging for heradsstyret kan vera 8. mai.</i></p> <p><i>Før slik framlegging krevst flg.dokumentasjon frå ØIL:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Styrevedtak frå ØIL der dei påtek seg alle kostnader med gjennomføring av tiltaket, og risiko for evt. budsjettoverskrideringar ved gjennomføringa</li> <li>- Fråsegn frå Hordaland fotballkrets om godkjenning av tiltaket</li> <li>- Skisse som viser omfang av tiltaket</li> <li>- Dersom saka skal leggjast fram til maimøtet må slik dokumentasjon vera innkomen hit <u>seinast 15.april 2011.</u></li> </ul>		

	<p><b>Einstemmig vedtak:</b></p> <p>Hovudstyret i Øystese idrettslag (ØIL) godkjenner planane om utviding av fotballbanen i Øystese. ØIL tek på seg ansvaret å fullfinansiere planlagt utviding. Grunnlaget er tilsagn om ekstern finansiering.</p> <p>ØIL-styret vil gjennomføre ei evaluering / gjennomgang av saka når anbudsprisar er avklart, for å ha tryggleik for at det er naudsynt dekning i forhold til finansieringa.</p>		
2.9	<b>Eventuelt</b>		

Rune Vik/ skrivar